

PROGRAM FOR NOREG SOM FLEIRKULTURELT SAMFUNN.

Program for Noreg som eit fleirkulturelt samfunn er bygd på tufta og den vedtekne politikken til NMU.

1. Føreord

1.1 Globalisering og auka innvandring har ført til større kulturelt mangfald i Noreg. Den norske kulturen ovrar seg i nye former. I samband med dette lyt me tenkja over kva me legg i omgrep som «det norske».

2. Mangfald og identitet

2.1 Massekulturen i dag er prega av einsretting. I møte med han vert mindre kulturar undertrykte. Språk og kultur knyter oss til ulike fellesskapar. Desse fellesskapene er ein viktig del av identiteten vår. Gjennom å kjenna eigen identitet kan ein koma andre kulturar i møte på ein god måte. Morsmålsopplæring gjev røyndeg høve til å læra om og halda på dei kulturelle røtene sine. Norsk Målungdom meiner at alle menneske har rett til å kjenna eige morsmål, anten det er eitt eller fleire. Difor stør Norsk Målungdom kravet om morsmålsopplæring for alle i Noreg.

2.2 Språk og kultur er reiskapar for å forstå røynda. Jamverdig utveksling av kulturelle uttrykk gjev høve til å sjå røynda på ein ny måte. For at alle skal kjenna seg knytte til det norske samfunnet er det naudsynt med eit mangfald av uttrykk i den norske kulturfellesskapen. Kulturfellesskapen er summen av dei kulturelle uttrykka i det norske samfunnet.

3. Mangfald i Noreg

3.1 Mangfald er ikkje noko nytt i Noreg. Målrørsla kjempar for ei kulturforståing som er breiare enn den sentralstyrte høg- og massekulturen. Den norske kulturen er ikkje einskapleg, men har mange lokale og sosiale skilnader. Dei norske dialektane er ein del av dette mangfaldet. I møte med det nye språkmangfaldet utanfrå oppstår det nye etnolektar. Me skal ikkje setja desse opp mot dei norske dialektane.

3.2 Ein føresetnad for eit velfungerande, mangfaldig kultursamfunn i Noreg er at dei kulturelle ytringane ikkje strir mot norsk lov eller grunnleggjande internasjonale menneskerettar. Me ynskjer ein norsk kultur som er tufta på heimleg grunn, og som samstundes gjev plass for nye verdiar og uttrykk. Det er mange forskjellige måtar å sjå «det norske» på. Dei som kjenner seg norske og tek del i kulturen, er norske og har rett til å ta del i å definera kva som skal vera «det norske».

3.3 Det norske språket er ein føresetnad for tilhøyrslø til Noreg som politisk og kulturell eining. For at det fleirkulturelle samfunnet skal fungera, må folk frå alle kulturane ta del i demokratiet. Dette må skje på lokalt, regionalt og nasjonalt plan. Berre slik kan me skapa eit samfunn som alle kjenner tilhøyrslø til. Norsk Målungdom ynskjer ei ålmente der det er rom for ulike kulturuttrykk og livssyn, og der ulike meiningar kan brytast mot kvarandre på ein respektfull måte.

3.4 Dei nasjonale minoritetane er ein sjølvstøtt del av det norske mangfaldet og mange av dei er under press. Desse må få verna om sine eigne språk, kulturar og tradisjonar. Det er samstundes viktig at alle i Noreg får kjennskap til tradisjonane og historiene deira. Norsk Målungdom kan ikkje godta at norske styresmakter står og ser på at språk i Noreg døyr. Som den einaste riksdekkjande språkorganisasjonen for ungdom i Noreg har Norsk Målungdom både ein særleg kunnskap om og eit særleg ansvar for å stø dei som kjempar for språk under press her i landet.

3.5 Norsk teiknspråk har lenge slite med låg status her til lands. I dag har den offisielle nedvurderinga av dette språket stilna, men framleis saknar brukarane ein politikk som sikrar rettane til teiknspråkbrukarane. Teiknspråkbrukarane har krav på støtte frå både det offentlege og

samfunnet elles.

4. Integrering

4.1 Norsk Målungdom meiner det er viktig å integrera og inkludera alle som kjem frå utlandet for å busetja seg i Noreg. Me ynskjer at dei skal ta aktivt del i norsk samfunn og felleskultur. Kjennskap til norske dialektar og tradisjonar er ein føresetnad for dette.

4.2 Opplæring i norsk er ein viktig del av integreringa. Nynorsk er ein del av norsk kultur og norsk kvardag, og for å kunne ta fullverdig del i den mangfaldige norske kulturen er nynorskkunnskapar viktig. Serleg viktig er dette for innvandrarar som kjem til nynorskområde. Norsk Målungdom meiner at desse må få opplæring og læremiddel på nynorsk. Me stiller oss òg positive til forsøk med opplæring på dialekt.

4.3 Det kjem nye nemningar inn i språket i møte med det vaksande kulturelle mangfaldet. Nokre av desse orda kan virka diskriminerande. Orda i seg sjølve treng ikkje vera støytande, men vert ladde med verdiar når dei vert nytta i visse samanhengar eller når dei vert tillagt ei viss tyding. Me må hugsa at desse orda vert styrte av oss som språkbrukarar og ikkje av språket sjølv. Me lyt difor jobba for å gjera språkbruken medviten, framfor å gjera fleire og fleire nemningar til fyord. Norsk Målungdom ynskjer ikkje eit overbyråkratisert språk, men eit levande språk som byggjer på det norske folkemålet og ikkje hindrar språkleg frigjering. Ein lyt framleis ta omsyn til kjenslene til særskilde grupper og einskildpersonar i den daglege språkbruken. Eit språk kan aldri verta fritt frå verdiane i samfunnet det vert brukt i. Kampen for eit inkluderande språk kan difor ikkje kjempast i språket åleine.

4.4 Ei brei forståing av eigen og andre sine kulturar er ein føresetnad for god integrering. Alle som kjenner seg norske har eit felles ansvar for å integrera og inkludera seg sjølv og andre i Noreg.

5. Det fleirkulturelle Noreg

5.1 Norsk Målungdom meiner at språkleg og kulturelt mangfald er verdfulle ressursar. Me ynskjer at alle skal ha røyndeg høve til å aktivt vera med på å forma og ta del i kulturen, i staden for å vera passive mottakarar av ein einsretta, marknadsstyrt kultur.

Norsk Målungdom meiner at norsk kultur er noko alle som vil kan ta del i og vera med å forma. Det lyt vera eit mål at flest mogleg kan ta del i norsk kultur og kjenna seg norske. Ikkje av di det er betre å vere norsk enn noko anna, men av di tilhøyrsløse til det norske samfunnet er eit godt utgangspunkt for deltaking i norsk ordsifte, demokrati og kvardag.